

Årsmelding Mini 2009/2012

Vi er ein flott gjeng med barn f. 2009-2012 som trenar ilag i gymsalen på ungdomsskulen på onsdagane. I skisesongen har det variert kor mange vi er på trening sidan mange skirenn ofte har vore lagt til treningstida vår. På det jevne er vi mellom 10-16 spelarar. Det er stadig nye som vil prøve seg på minivolleyball og det visest stor entusiasme og treningsglede. Treningane er lagt opp med variasjon mellom øvingar, mini-spel og leik.

Ila sesongen har vi delteke på miniturneringar i Volda, Ålesund og på Ellingsøya. Laginndelinga har variert sidan vi har prøvd ha ein balanse mellom mestring/utfordring samt å bygge opp eit sosialt godt lag.

Vi er klar for vår og treningar på beach-banene på Årneset også denne sesongen. Dette gler vi oss til. Innsatsen er stor og konkurranseinstinktet er ofte enda sterkare når vi spelar ute.

Trenarar er Bodil Brænde Helle og Nancy Ann Eide Brattli. Vi har også fast god hjelp av Henning Helle og Julie Brænde Helle.